



Tippetue Arkitekter AS  
Sandviksbodene 5  
5035 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/6840 - 19/20861

Saksbehandlar:  
Ingrid Bjørge Pedersen  
Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no

Dato:  
27.06.2019

## Mellombels bruksløyve for bygg B, delar av bygg A og uteopphalsareal - gbnr 138/21 Tveiten øvre

### Administrativt vedtak. Saknr:

**Tiltakshavar:** F G Eiendom AS  
**Ansvarleg søkjar:** Forum Arkitekter v/Anne Carlsen  
**Søknadstype:** Søknad om mellombels bruksløyve etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Saka gjeld søknad om mellombels bruksløyve for bygg B, deler av bygg A og utomhusareal. Mellombels bruksløyve gjeld ikkje for leilegheit 101-106,201-206,306 og 401-402 i bygg A. Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt, med unntak av nokre mindre vesentlege arbeid. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 28.10.2014.

Ansvarleg søkjar har stadfesta at byggverket har tilfredsstillande tryggleiksnivå til å takast i bruk. Følgjande arbeid står att:

1. Sluttmontering etter maling
2. VVS og sprinkler i leilegheita A 101-106,201-206,306 og 401-402
3. Heismontasje, dette er opplyst ferdigstilt i veke 25
4. rekkverk på private terrassar, tømrararbeid på kjøkken, garderobe, dører, golv og lister

Det er opplyst at areal med krav til sikring har midlertidige gjerder. Arealane dette gjeld er private terrassar og leikeareal. Vidare er det satt opp gjerde ved elveutløp og langs kai, vidare opp gangsti og inkludert leikeareal aust på tomta.

Mellombels bruksløyve gjeld bygg B og deler av bygg A som skissert over og uteopphaldsareal. Mellombels bruksløyve gjeld ikkje for leilegheitane A 101-106, 201-206, 306 og 401-402.

Ansvarleg søkjar har opplyst tidspunkt for ferdigstilling til: 20.12.2019

Det vert elles vist til søknad motteken



## VURDERING

Kommunen legg motteken dokumentasjon til grunn og vurderer at det står att mindre vesentleg arbeid, og finn etter ei samla vurdering at det kan skrivast ut mellombels bruksløyve for bygg B og deler av bygg A ekskluder leilegheit A 101-106, 201-206,306 og 401-402, jf. plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd.

## Skildring

Adresse:	
Bygningstiltak:	bustadkompleks
Bygningsnummer:	300743643 300740893
Bruksareal:	1995 og 1847
Avløp:	offentleg
Vatn:	offentleg

## VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd vert det gjeve mellombels bruksløyve for bygg B, deler av bygg A og utomhusareal som skildra i dette vedtak på gbnr gbnr 138/21 på følgjande vilkår:

1. Mellombels bruksløyve gjeld kun den delen som skildra i søknad
2. Søknad om ferdigattest skal ligg føre innan 20.12.2019.
3. De deler av området der det er krav til sikring skal til ein kvar tid vere sikra/skjerma med anleggsgjerde eller liknande.

## Bortfall av mellombels bruksløyve

Mellombels bruksløyve fell bort på fristdato for ferdigattest. Om det ikkje ligg føre ferdigattest innan fristen er bruk ikkje lenger lovleg og må opphøyra. Om attståande arbeid ikkje vert ferdigstilt innan fristen skal kommunen gje pålegg om ferdigstilling etter plan- og bygningslova kapittel 32. Bygningen eller delar av han må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

## Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

## Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen. Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 14/6840

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Ingrid Bjørge Pedersen  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

F G Eiendom AS

Sagstadvegen 67 5919

FREKHAUG

**Mottakarar:**

Tippetue Arkitekter AS

Sandviksbodene 5 5035

BERGEN